

## ***Fedje og Folket, oppdatert og digital utgåve***

*Fedje og Folket, guards- og ættesoge for Fedje* vart utgjeven i 1997. Eg har fått mange hyggelege tilbakemeldingar om at boka er i flittig bruk. Mange har nemnt om det ikkje er på tide at boka vert oppdatert. Eg har brukt å svara at det bør gå ein generasjon før det kan verta aktuelt. Neste år har det gått 25 år, altså ein generasjon.

Eg har vore i kontakt med seniorrådgjevar Chris Nyborg i Norsk Lokalhistorisk Institutt, som no er del av Nasjonalbiblioteket. Han har arbeidd mykje med digitalisering av bygdebøker, og har òg skrive Masteroppgåve i historie om dette emnet. Bykle kommune var den første som gav ut bygdeboka digitalt, det var i 2006,

Ei slik digital bok kan oppdaterast jamleg, eventuelle feil kan rettast opp, og ho er lesarvenleg med lenker til andre bustader i boka og til andre bygdebøker.

Tanken er då at eg kan begynna arbeidet med å henta inn nye slektsopplysningar for dei 25 siste åra, slik at stoffet i boka vert oppdatert heilt fram til den nye, digitale utgåva kjem ut, t.d. hausten 2022.

Papirutgåva er alt digitalisert, og via optisk lesing kan det lagast ei OCR-fil som kan gjerast om til ei Word-fil, og som eg kan arbeida vidare med.

Bileta frå *Fedje og Folket* ligg digitalt i ei fellesmappe hos kommunen, og det beste er at dei vert lasta inn på nytt. Andre og nyare bilete kan òg leggjast inn.

Chris Nyborg vil ta seg av det vidare praktiske arbeidet med publisering av boka digitalt via Lokalhistoriewiki. Der vil også seinare oppdateringar skje. Fedje kommune vil ikkje verta belasta med kostnader for dette arbeidet, heller ikkje for drift av sidene. For lesarane vil det verta gratis å gå inn på nettet og lesa den digitale boka.

Eg meiner at ei ramme tilsvarande tre månaders arbeid for meg er realistisk for å innhenta opplysningar og skriva den oppdaterte bygdeboka. Som offentleg pensjonist kan eg ta på meg arbeid til «pensjonistløna» 218 kr pr. time, utan innmelding i pensjonskasse. Det betyr ein maksimal kostnad på 450 timar à 218 kr, som er 98 000 kr. Arbeidsgjevaravgift kjem i tillegg.

Eg viser til samtale om saka i dag med ordførar Stian Herøy og rådmann Gjermund Hagesæter, og sender som avtalt dette skrivet til Fedje kommune.

Fedje, 1. oktober 2021

Med venleg helsing

Arvid Skogseth